

Songen for barna

Tekst/mel: Ola Dimmen

A D A D A E⁷



Vi ser barna i leiken når livet er trygt, dei viser oss alt dei får til. Vi er

A D A D E⁷ A



vaksne som vernar mot fare og frykt, dei trur vi aldri går vill. Vi

F[#]m C[#]m D A E⁷



gav dei vårt ord vi skal berge vår jord vi har kraft og ein plan, vi må hjelpe eit barn! Våre

A D A D E⁷ A



ungar skal leva med tillit og tru, det er seint men tid til å snu.

Det er rikdom i havet og skogar med liv
som har levd i millionar av år.

Dei er truga av folka som ranar og riv
den arven ungane får.

Vi kan gå i kne men skal aldri bli knekt,
no står det om jorda og heile vår slekt!

Vi må finna eit liv for ei reinare tid,
der folk er friske og fri.

Ja no syng vi for barna og livet på jord,
no syng vi for framtida vår.

Og no syng vi for klima og isen i nord,
vi syng for vinter og vår.

Vi bor på ei jord der det blømer og gror,
alle barna vi får, alle åra som går.

Når dagen er over då syng dei ein song
for oss som levde ein gong.

